

Kolstad 22/3-22

Søknad om dispensasjon for rehabilitering/ vedlikehald av kai og båtopptrekk samt sikring av grunnmur i naturstein mot utvasking av sjø GBNR 155-14 i Alver kommune.

Tiltaket krev dispensasjon fra pbl § 1-8, forbod om tiltak langs sjø, samt gjeldande kommunedelplan der område er avsett til LNF.

Bakgrunnsinformasjon:

Naustet med kai på gbnr 155/14 vart oppført kring 1963. Kaikonstruksjon med opptrekk etc. vart skadd i storm og stormflo i desember 2016. Det vart utarbeidd takst for utbetring av konstruksjonane i oktober 2017. Det er i denne ei rekke bilete som viser omfanget av skadane. Arbeida omfattar tilbakeføring av øydelagte konstruksjonar. Sjå vedlagte takstrapport.

Søknaden omfattar:

Rehabilitering av skadde konstruksjonar i betong inkludert liten «pir» langs båtopptrekk samt støype plate i båtopptrekk. Vidare støyping og forankring av plate langs grunnmur i naturstein mot sjøsida for å unngå utvasking og rehabilitering/ støyping av plate ved gavl av naust mot søraust.

Forhold tiltakshavar meiner må tilleggjast vekt i vurdering av tiltaket:

Nye betongkonstruksjonar vil kunne stå imot endring av havnivå samt eventuelle kommande stormfloer i eit lengre tidsperspektiv. Grunnmur i naturstein vil uten rehabilitering være svært utsett for utvasking i kommande stormfloer og risiko for samanrasing av naustet vil då være svært stor. Miljøet rundt naustet vil framstå ryddig og meir estetisk etter gjennomført rehabilitering. Sjå vedlagte bilder med illustrasjoner.

Tiltaket ligg nært eit naustmiljø i Monstadvågen der det er ein del flytebryggjer. Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil ha negativ påverknad for natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap eller årmenne interesser som omsynssone for fiske etc.

Ing. Taule AS



Karl Atle Taule